

**I BLÅTT  
EIN INNSVINGA  
SØLV STOLPE**

*Våpenet er godkjent ved  
kgl. res. 27.11.1981,  
teikna av*

*Magnus Hardeland.  
Teiknaren hadde nok det  
tronge Fykseundet  
i tankane då han laga  
våpenet. Men motivet let  
seg lett knytta til tydinga  
av ordet kvam – «stad  
der eit hovuddalføre knip  
seg i hop». Dette passar  
godt med Steinsdalen  
som endar i ein «kvam»  
under Tokagjelet.*


**⚔ KVAM**

Ålvik har helst gno. Qlr «or, older» som førsteledd. Kjepso kan vera eit gammalt elvenamn samansett av gno. kefsir «træl» og skor «avsats» pluss å «elv». Rosseland har gno. ross «hest» som førsteledd. Sisteledet i Fykse, dvs. -e, går attende på vin. «eng». Førsteledet er usikkert, mogleg fok «drev, rok» eller eit eldre ord for «rev», jf. engelsk fox. Tokagjelet inneheld truleg eit ord som er i slekt med tak. Førsteledet i Ljones, eldre Ljånes, er ljå; samanlikning med forma på landskapet. Førsteledet i Tangarås, av gno. tōng «tang, stong», har opphav i ei samanlikning med åsen der garden ligg.

**K**VAM, storkommunen som vart skipa i 1965 langs heile Hardangerfjorden, frå Ålvik til Hatlestrand, femnar om ei gammal kulturgrense mellom Strandebarm og Kvam, frå Vikingnes over fjorden til Kysnes i Jondal. I mellomalderen var dette grensa mellom Hardanger sysle og Hordaland, og i seinare hundreår mellom Hardanger og Søndhordlehn Fogderi. Strandebarm hørte til Sunnhordland, Kvam til Hardanger. Kultursambandet med sunnhordlandsbygdene treng ingen vera i tvil om når vi høyrer målføret i Strandebarm.

Kvam prestegjeld – til 1911 var namnet Vikør – omfatta soknene Vikøy og Øystese. Strandebarm prestegjeld var fram til 1802 delt mellom to prosti: Strandebarm og Varaldsøy i Sunnhordland og Jondal i Hardanger. Frå det året vart heile Strandebarm prestegjeld lagt til Hardanger. Jondal var eigen kommune frå 1846.

Grensa mellom Kvam og Jondal gjekk i eldre tid mellom to tun på Heradstveit i Tørvikbygd. «Innitun» hørte til Kvam og «Utitudun» til Jondal. Forklaringa er at Tørvikbygd frå mellomalderen av og fram til 1964 hørte til Jondal skipreide og kyrkjesokn. Sambandet over fjorden var lettare enn over Vangdalsberget. □



*Denne fargerike og velformede kjenga frå Kjepso er måla av Per Anderson Århus frå Steinsdalen. Kjepso-kjengene, truleg laga av dyktige handverkarar på Kjepso og måla av dei sentrale «skautaskrinmåljarane» i Kvam, høyrer til dei mest særprega gruppene i norsk og europeisk folkekunst.*



«Stående pike», 1908. Bronse.

**INGEBRIGT VIK – EIN KLASSIKAR  
I NORSK BILETHOGGARKUNST**

I ein særmerkt åttekantata bygning i sentrum av Øystese er samla det meste av det bilethoggaren INGBRIGT VIK (1867–1927) skapte i sin korte karriere; skulpturar for det meste i små format. Dei innbyr til meditasjon og ettertanke; klassiske, tidlause portrett. Det var livet sjølv han ville utforska – i det sårbare andletet til småguten, i unggjenta enno urord av kjærleik og livsens krav. Vi møter kvinna som sit ved enden av livsvegen og ser attende på farne år, vi møter mannen som alt i ung alder er tyngd av motgang og sorgmod. Så mange fasar av livet finst i desse figurane; mange av dei modellerte i det ti-året Vik hadde i Paris; hans beste år. Ingebrigt Viks portrettstatuar er hans meistarverk: Statuen av EDVARD GRIEG til Byparken i Bergen i 1917, er for eit stort publikum vorten sjølv sinnbiletet av den store toneskalden.

